



Personvernerklæring for tilsette i Flora kommune

1. Innleiing

Flora kommune ved rådmannen, har ansvaret for handsaming av personopplysingar vi har registrert og handsamar i samband med ditt tilsettingsforhold med kommunen.

Denne personvernerklæringa gjev deg informasjon om korleis vi handsamar dine personopplysingar og kva rettar du har.

2. Kva for personopplysingar har Flora om deg?

Personopplysingar er alle opplysningar som kan knytast til deg som einskildperson.

2.1 Her følgjer typiske opplysningar vi registrerer om deg.

Vi registrerer ditt namn, alder, kjønn, nasjonalitet, personnummer, bustadadresse, epostadresse, telefonnummer, pårørande (kontaktinformasjon), barn (namn og fødselsdato). I tillegg oppbevarer vi kontonummer for utbetaling av løn. For å eventuelt registrere talet på sjukedagar i samband med sjukt barn, treng vi opplysningar om tal barn og alder.

I samband med tilsetjingsprosessen lagrar vi CV-en din. Uttaler frå referansar og interne vurderingar lagrast til prøvetida er over.

Det er og naudsynt å handsame dine helseopplysingar i samband med sjukefråvær og sjukmeldingar samt tilhøyrande sjukefråværsoppfølging. HMS-regelverket kan gjere det naudsynt å lagre informasjon om personskader og ulykker. Ved høve kan det og vere naudsynt å lagre opplysningar om allergi og eventuell spediadiett.

Eventuelt fagforeiningsmedlemskap lagrast dersom det er naudsynt i samband med trekk for kontingent. Vi kan bli pålagt å lagre opplysningar i samband med diverse trekk i løn. Dette kan vere f.eks påleggstrekk, bidragstrekk etc.

2.2 I samband med ditt arbeidsforhold hos oss registrerer vi ei rekkje ulike personopplysingar.

Det vil vere opplysningar om tilsettingsdato, stilling, stillingsomtale, referat frå medarbeidersamtalar og andre evalueringar, lønnsutvikling og informasjon knytt til karriereutviklinga di. Kjeldene for slik informasjon vil dels vere datasystema våre og dels andre arbeidstakarar. Vi lagrar og informasjon om bonus, utlegg, andre utgifter, forsikring, pensjon, kredittkort som kommunen svarar for, osv.

Vi registrer og personopplysingar i samband med permisjonar, pensjon og avslutning av tilsettingsforholdet.

Handtering av åtvaring, varsling og klager kan og gjere det naudsynt å bruke personopplysingane dine, enten du varslar sjølv, eller nokon skulle varsle om deg.

I samband med bruk av mobil og PC vert det lagra loggar som viser kva tid og kvar utstyret er i bruk og oppslag på internett ved hjelp av utstyret loggast automatisk.



Bruk av datasystem vil generere ulike typar loggar. Desse kan til dømes gje informasjon om kva tid du brukar datasystem og kva du brukar systema til og kva tid du nyttar våre tilgangssystem.

2.3 Kva Flora kommune nyttar personopplysingane til?

Her følgjer dei mest sentrale føremåla som personopplysingane nyttast til. Det rettslege grunnlaget er enten at handsaminga er naudsynt for å oppfylle arbeidsavtalen med deg, at vi er pålagt handsaminga i lov eller at vi har ei rettmessig interesse i handsaminga som er større enn personvernmessige ulempe for deg.

Vi treng å bekrefte identiteten din og bakgrunnen din og brukar kontaktinformasjonen din og opplysingar du har gjeve samt opplysingar frå mellom andre referansar til dette.

Vi treng å administrere arbeidsforholdet og din karriereutvikling og bruker dei mange ulike opplysingane som vert generert når du er tilsett hos oss til dette.

Vi treng å betale ut lønn og andre økonomiske kompensasjonar, samt pensjonsforpliktelsar og forsikringsordningar – og bruker dine lønnsrelaterte opplysingar til dette.

Vi ønskjer å bruke ditt bilde i samband med internkommunikasjon og marknadsføring av kommunen, men dette gjer vi berre på basis av ditt samtykke og du står fritt til å trekke slikt samtykke tilbake.

Vi treng å sikre våre system og verksemda sine kontor og lokale samt å trygge sikkerhet på arbeidsplassen og nytte logginformasjon frå mange ulike system og loggar frå video- og adgangskontrollsystem til dette.

Vi treng å handsame klager, varslar og advarslar og nyttar dei mange opplysningane som genererast medan du er tilsett hjå oss til dette.

Vi treng å synleggjere tenestene dine og kompetanse og treng å nytte din CV i samband med det.

Vi treng å registrere ein del opplysningar for bokføringsføremål og nyttar typisk dine lønsrelaterte opplysningar til dette, men og førte timar kan vere naudsynt å lagre for å ta i vare plikter andsynes kundane våre.

3. Kven deler vi dine personopplysingar med?

Vi nyttar datahandsamarar som støttar oss med ulike prosessar i Flora kommune. Ulike typar kategoriar av datahandsamarar følgjer:

- Leverandørar som driftar og/eller støttar kommunen sine it-system
- Leverandørar som støttar med tryggleik, til dømes adgangskontrollsystem

I samband med reiser vil dine kontaktdata bli delt med eit reisebyrå.

Offentleg myndigheiter pålegg oss å dele til dømes personopplysingar med skatteetaten og NAV.

4. Geografisk lagring av personopplysingane om deg.

Dersom opplysingane er tilgjengelege frå eit såkalla tredjeland, skal vi opplyse om det her. Nei. Dette er typisk ved skyløysingar.



5. Kor lenge lagrar vi personopplysingane om deg?

Vi lagrar personopplysingane dine så kort som mogeleg og berre så lenge det er naudsynt, eller vi er pålagt lagring ved lov. Vi har behov for mange opplysingar om deg medan du er tilsette, men svært få etter at arbeidsforholdet er avslutta. Her følgjer ei liste over kor lenge vi oppbevarer dei aktuelle opplysingane. Vi vil uansett lagre opplysingar så lenge det følgjer av lov, og der det oppstår eit særskild behov, til dømes ved klager eller krav som rettast mot oss eller av oss.

6. Dine rettar

Personvernregelverket gjev deg ei rekkje rettar knytt til dine personvernopplysingar.

Sjølv om personvernerklæringa gjev deg mykje informasjon, kan du be om meir inngående informasjon om korleis vi handsamar opplysingane om deg og du har rett til innsyn i dine personopplysingar. Dersom dine personopplysingar er feil, har du rett til å få dei retta. Personopplysingar vi eventuelt ikkje har grunnlag for å handsame, skal slettast og du kan krevje dette gjort om vi ikkje har sørga for det på eige initiativ. Du kan be om at vi avgrensar bruken av dine opplysingar. Du har rett til såkalla dataportabilitet og å be om at dine personopplysingar overførast til deg eller til ei anna verksemd/kommune i eit strukturert, alminneleg nytta og maskinlesleg format. Du kan motsette deg vår bruk av dine opplysingar. Du kan og motsette deg å vere objekt for heilt automatiserte individuelle avgjersle av rettsleg art. Dersom du meiner vi handsamar dine personopplysingar utan rettsleg grunnlag, kan du og klage til Datatilsynet, men vi bed deg å kontakte oss slik at vi dels kan ta stilling til dine innvendingar og dels klåre opp mistydingar.

Personvernregelverket har rike bestemmelsar om det ovannemnde og det kan gjelde unntak frå einkilde rettar. Viss du ønskjer å gjere bruk av rettane, vender du deg til oss, sjå kontaktdata nedanfor, og vi vil svare deg snarast råd er, normalt innan 30 dagar.

7 Innsyn i epost

Personvernregelverket opnar for at vi i einskildtilfelle kan gjere innsyn i di epostkasse, din mobiltelefon og anna utstyr som er stilt deg til rådvelde. Typisk kan dette skje viss det er naudsynt for å ta i vare den daglege drifta eller andre rettmessige interesser ved verksemda eller ved mistanke om at dine handlingar er eit grovt brot på dei plikter som følgjer av arbeidsforholdet eller kan gje grunnlag for oppseiing eller avskjed. Alt slikt innsyn vil føretakast i samsvar med detaljerte reglar.

8. Kontaktinformasjon

Vi er der for spørsmål du måtte ha:

Personvernombod: Berit Osa>

Epostadresse: personvernombod@flora.kommune.no

Besøksadresse: Rådhuset Florø

Dette er ei kortfatta personvernerklæring med hovudreglar. Dersom det er skilnad mellom den og personvernlovgjevinga eller anna regelverk, er det sistnemnde som gjeld.

Godkjent av Rådmann og Knut Broberg 29.november 2018. Broberg er også behandlingsansvarleg, ansvarleg for alle behandlingane av personvernopplysingar i Flora kommune.